



Kontaktinfo	2	Sesongen 2017 hos Vinnesholmen	16-17
Leiaren har (r)ordet	3	Fylkeskysttreffet på Onarheim	18-19
Rydding i strandsona	4	Hilsen fra Sagvåg	20
Året 2017 i Keipane Kystlag	5-7	Smånytt	21-22
Minneord: Jonatan Krzywinski	8-9	Aktivitetskalender for 2018	23
Historien om en gammel brygge	10-11	Kystsogevekene 2018	23
H-187-A «Jom»	12-13	Fylkeskystlaget si nettside	24
Historien om m/g «Silden»	14-15		

Kontaktinfo

Hordaland Fylkeskystlag

www.hfkl.no

Leiar: Per Otto Svendsby
Storingavika 79, 5174 Mathopen
922 20 895 perosve@online.no

Askøy Kystlag

v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

Austevoll Kyst- og Sogelag

v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysgrlimt.net

Austevoll Seilforening

v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

Bergen Kystlag

Aleksander Krzywinski
Pb 37, Måseskjæret, 5035 Bergen
982 68 173, bergen.kystlag@gmail.com

Bergens Sjøfartsmuseum

www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00, post@sjofartsmuseum.no

Bømlo Kystlag

v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

Båtlaget Njord/Tysnes

www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
enar.aslaksen@haugnett.no

Faannessen – Marine

www.fmarine.no
Munkebryggen 1
5816 Bergen
55 33 66 88, post@fmarine.no

Fanafjorden Tradisjonssegling

v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

Fjell Kystlag

v/Rolf Henriksen
Pb 38, 5346 Straume
915 20 906, rolf.bero@gmail.com

Hardanger Fartøyvernssenter

www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

Hardangerfjorden Kystlag

v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

Hope Trebåtlag

v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, lsangolt@gmail.com

Hordamuseet

<http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/>
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

Holsnøy Kystlag

v/Jegvan Kaarbø
Skjelangerveien 661, 5917 Rosslund
911 48 103, jegvan@kaarboe.no
holsnoykystlag@yahoo.no

Keipane Kystlag

v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@hfk.no

Kvinnherad Kystlag

v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813, post@kvinnherad-kystlag.no

Kystlaget Romsa

v/Oddvar Krakk
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
959 01 503,
oddvar.krakk@vindafjord.kommune.no

Kystmuseet i Øygarden

www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

Kystsogevøkene

www.kystsogevokene.no
v/Kjell Magnus Økland
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, kystsogevokene@hfk.no

Milde Båtlag

www.mildebatlag.org
v/Helge Holmbek
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellesstad
97 03 27 65, styret@mildebatlag.org

Norges Fiskerimuseum

www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

Opsangervågen Kystlag

v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

Oselvarverkstaden

www.oselvarverkstaden.no
v/Berit Osmundsen
Hamnevegen 41
95705824, berit@oselvarverkstaden.no

Oselvarklubben

www.oselvarklubben.no
v/Finn Totland
Edvard Griegsvei 12, 5059 Bergen
93 89 22 73, finn.totland@gmail.com

Oselvarlaget på Os

v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, egru@statoil.com

Sagvågen Kystlag

v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

Sandviken Kystlag

v/Aina C. Matre (perm. ut 2017)
Sandviksboder 15-17, 5035 Bergen
99 56 73 35
aina.matre@museumvest.no
Kontaktperson i Ainas fråver:
Ingrid Elisa Fjeldstad
ingree@msn.com
99 27 75 34

Seilmaker Iversen

www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

Sund Kystlag

v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkearvik
982 23 733

Per Otto Svendsby testar den nyrestaureerte færingen sin ved Hordamuseet.

Foto: Kjell Magnus Økland.

Leiaren har (r)ordet

Sveio Kystlag

v/Terje Lier

Strømøyveien 71, 4554 Valevåg

908 37 477

terje.lier@norseagroup.com

Tysnes Kystlag

v/Oddvar Meland

5693 Årbakka

907 92 547

tysnes.kystlag@gmail.com

Vinnesholmen Kystlag

v/Roger Hoel,

Vinnesvegen 518, 5641 Fusa

900 93 249

vinnesholmen@fusi.no

Lokallag i Sogn og Fjordane

tilknytt HFKL i Åreblad-samarbeid:

Indre Sogn Kystlag

v/Marny Tønnessen

Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828

isk@norveg-sognefjord.no

Hornelen Kystlag

v/Sigmund Larsen, Lefdal,

6776 Kjølisdalen

57 86 39 72 - siglarse@online.no

Nordfjordbåtlaget

v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077

og

Svein Ove Ask, 987 63 188

Gloppestad, 6823 Sandane

uredd@online.no

Meld adresseendringar til:

Forbundet KYSTEN,

Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo

forbundet@kysten.no

Tlf. 22 42 42 82



Gode kystkulturvenner!

Livet i kystlaga endrar seg gjennom året. I mitt kystlag har vi no fått båtane på land og det er nye aktivitetar som fyller tida. Vi vøler ein verkstad, bakar lefser og har slakta eit par sauar til julebordet. Det er kjekt å berre høyre til og ta innover seg inntrykka frå fellesskapen mellom kystlagsvenner.

Ikkje minst ser vi attende på eit rikt 2017. Fleire av laga segla til det flotte Landstemnet i Kristiansund, og seglasen dit kunne vere både spanande og krevjande. Vi er takksame for Fylkestreffet på Onarheim, som Tysnes kystlag gjennomførde i god stil og til stor glede for mange.

Rundt omkring er mange store og små prosjekt drivne vidare av ivrige hender. Det er no tida for å sjå fram mot nye mål i 2018. Du er hjarteleg velkomen til årsmøtet i Hordaland fylkeskystlag på laurdag den 10. februar 2018, der Austevoll Kyst- og Sogelag vil vere vertskap.

I 2018 vil Bømlo Kystlag stå for Fylkestreffet, som dei arrangerer jonsokhelga 22-24 juni ved Kulleseidkanalen. Det vert eit bra treff i naturskjøne omgjevnader. Også i år er Landstemnet innan seglingsdistanse, i Haugesund mellom 18 – 22 juli. Det er i samarbeid med dei tradisjonelle Hamnedagane, og vi håpar at mange kjem seg dit. Den som tykkjer det er gildt å ro saman med andre båtar, kan setje av helga 6-8 juli. Då vert nemleg Den Store Roen arrangert for fyrste gang. Så følg med på den digitale [terminlista](#), den vert løpande oppdatert.

Takk for eit godt kystlagsår og god bøl i 2018!

Helsing
Per Otto Svendsby
Leiar Hordaland fylkeskystlag

Det er klart for nytt nummer av Årebladet. Me har fått gode tilbakemeldingar på det fyrste bladet og vonar denne utgåva òg vil fella i smak. Ambisjonane til fylkeskystlaget er at me i framtida skal ha økonomi til å trykkja to nummer av bladet, slik at det kan koma tilsendt i posten vår og haust.

I dette nummeret har me fått inn mange flotte reportasjar som viser den gode aktiviteten som skjer ute hjå dei mange kystlaga. Har du spanande stoff som bør koma i Årebladet, nøl ikkje med å senda det inn. Fristen for innsending til våren vert 15. april.

Kjell Magnus Økland
Bladstyrar, Årebladet



Om Årebladet

Utgjevar: Hordaland Fylkeskystlag

www.hfkl.no

Denne utgåva vert berre laga som PDF.

Trykte utgåver av Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Hordaland og Sogn og Fjordane

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland

Send bladmat til kjellmag@gmail.com

Framsidedfoto: Grilling på Stenda-holmen. Foto: Kjell Magnus Økland



Keipane Kystlag på plastrydding. Diverre er det mange strender som treng slike ryddeøkter. Foto: Evy Dame.

Rydding i strandsona

Styret i Fylkeskystlaget oppfordrar dei ulike kystlaga til å engasjera seg i nye eller pågåande strandryddingprosjeker.

Eit nytt punkt om plastavfall og miljøtiltak er på plass i Forbundet Kysten sitt handlingsprogram. Strandryddedagen 6. mai er eit godt høve til å ta i eit tak!

Under Forbundet Kysten sitt landsmøte i Norheimsund vart følgjande punkt lagt til i organisasjonen sitt handlingsprogram:

«Forbundet KYSTEN skal legge til rette for lokalt engasjement mot plastavfall i havet, og for andre nødvendige miljøtiltak rundt vår virksomhet».

Forslaget vart fremja av Kystlaget Salta i Bodø, som har vore opptekne av dette i lang tid. At dette no er inkludert i handlingsprogrammet forpliktar landsstyret til å setja inn tiltak som følg opp den gode intensjonen. Hordaland Fylkeskystlag oppmodar difor alle kystlaga på Vestlandet til å bidra under den nordiske Strandrydde-

dagen, som i 2018 vert halde laurdag 5. mai. Via «Hold Norge Rent-kampanjen» kan alle som skipar eigne ryddeaksjonar få refundert utgiftene sine. Å rydda fjæra der ein bur eller ferdast kan òg gjerast til ei hyggeleg samkome med gamle og nye vener.

Forsøpling av havet er eit problem som ein ikkje kan oversjå når ein har fjæra og kysten som base og tilhaldsstad. Det går difor ei oppmoding til alle aktørar i kystlagsrørsla om å bidra til den dugnaden som må til for å komma problemet til livs.

Sjekk www.holdnorerent.no eller google strandryddedagen.





Fra Radøy Rundt: Med broen i bakgrunnen til høyre. Alver Kirke til venstre bak.

Året 2017 har vært et aktivt år i Keipane Kystlag. Flere store arrangement som Streif, Familiedagen, Radøy På Langs i Kajakk og Kano og ikke minst Radøy Rundt i Robåt og Kajakk. På Radøy Rundt var vi så heldige å bli plukket ut av Forbundet KYSTEN til å representere forbundet med en liten filmsnutt om aktiviteter i lokal lagene og her med fokus på friluftsliv. Denne filmen kan en se på youtube.com, søk da på «rotur med Keipane Kystlag».

Streif

Streif har blitt et av de faste årlige arrangement til kystlaget. Vi har arrangert det fast 1. mai-helgen siden 2004. Streif betyr vandring i kulturlandskap, og dette arrange-

mentet startet opp året etter at Sæbøbygda vant kulturlandskapsprisen i 2003. De første årene var det Landskapsparken og Ungdomslaget som sto som arrangører for Streif, men de siste årene er det kystlaget som har hatt ansvar for å sy sammen programmet og invitere med andre lag og personer i bygda. På dette arrangementet har vi ulike aktiviteter hvert år, med utgangspunkt i gamle Slippen på Sæbø. Dette året var vi så heldig å få Kjell Magnus Økland til å komme å holde foredrag om Osolverbåten og presentere sin bok. Vi hadde også sjørøver tokt i de gamle robåtene til laget. To ekte sjørøvere fra Sverige var med ungene på skattejakt. Veldig kjekke tokt. Ellers kunne store og små kose seg

i kajaker kanoer og båter til laget. For de små var også en tillaget krabbe-/båtdam populær. Vi hadde også torg med salg av husflidsprodukter og i tillegg en baklukkoppis. Inne på Slippen var det kafé. Streifturene dette året gikk med guide fra Vetås til Sæbø, mens Aud Hilde ledet en flott tur med historie-fortelling rundt i Sæbøvågen. Vi i laget er imponert over besøkstallet som var «Best ever».

Radøy På Langs

Det neste vi arrangerte var Radøy På Langs i Kajakk og Kano. Dette er en padletur helt utenom det vanlige. Vi padlet fra søre enden av Hallandsvatnet til Bøvågen i Nord. Denne guida turen har vi hatt fast de siste fem årene. En utrolig fin tur som går gjennom tre forskjellige vann: Hallands- Myking- og Hauglands-vannet, med elver og kanaler i mellom. Denne padleturen er en heldagstur.

Radøy Rundt

Dette året la vi Radøy Rundt til Pinsehelgen. Og det var et heldig valg både pga godt vær og at det gav oss tre hele dager til turen. Vi fikk dermed god tid på etappene og dermed mulighet til å fylle opp med kulturelle opplevelser under-



Folksomt på Streif i Sæbøvågen 1. mai.



Hyggelig møte med vinking fra passasjerene på d/s Oster, som passerte oss i Alverstrømmen.

veis. Startet da lørdags morgen og pga. strømforholdene rodde vi motsatt vei av den ruten vi har rodd tidligere. Dette var ingen dårlig idé, fikk dermed litt forandring på turen. Dette året åpnet vi også opp for å ha med oss kajaker, som ble et stort pluss. Fikk dermed med litt ungdommer og barn.

Vi kunne også veksle på å ro og padle. Samt at noen kunne være hjelpelige med å frakte bagasje i båtene. Turen var lagt opp slik at en skulle også ha opplevelser på land, og også nyte god og kortreist mat.

Første etappe gikk sørover fra Sæbøvågen, gjennom Alverstrømmen, med en liten stopp etter strømmen før vi rodde like til Nøtleivågen. Der vi gikk i land og fikk omvisning i det gamle Meieriet, butikken og Ishuset. De disket også opp med nydelig kjøttsuppe.

Videre rodde/padlet vi en liten tur innom Feste der vi raidet kai-butikken for sider og is. Etter det rodde vi gjennom Grunnesundet og like til Straume og steinalder senteret der vi slo leir for natten. Benyttet oss av den store skinnlavoen til matlaging og overnatting. En fin stund rundt bålet inne før de fleste flatet ut. På denne da-

gen hadde vi lagt bak oss halve Radøy.

Dag to startet med nydelig fuglesang og havblikk. Rodde direkte til Rossneset før første pause med innlagt morgen-yoga. Etter det strake veien til Forsøy der det ble omvisning på land. Forsøy var under krigen en del av Knappen/Marøy Fort som tyskerne bygget fra 1942 til krigens slutt som en del av Festung Norwegen. Tyskerne hadde en fangeleir med ca 200 russiske fanger på Forsøy.

Spiste lunsj med hjemmelaget fiskesuppe laget fra grunnen av før vi forlot Forsøy. Videre rodde/padlet vi på innsiden av Marøy og under Marøybroen og gjennom det vakre Kvolmesundet, før vi endte opp på Skageneset. Der slo vi leir for natten. Skageneset er en kystledstasjon som drives av Bergen og Om-land Friluftsråd (BOF). Her kan en leie hus med nøst. Skageneset ble eid av Dorthea Skagenes, som under krigen gjemte unna rundt 100 flykninger som måtte komme seg unna tyskerne og over til England med hjelp av Shetlandsgjengen. Vi hadde en fin kveld i nøstet, skrudde i sammen langbord og benker i



Mektige naturinntrykk og like mektig fiskesuppe.

en fart med medbrakt verktøy (Kjetil Økland hadde pakket med seg skrumaskin og skruer), mens foliepakker med fisk sto og godgjorde seg på grillen.

Dag nummer tre dro vi like til Rossnesbukta der Grethe Vetås fortalte oss om det store landnot-sildekastet. Veldig kjekt å se hvor de satte ut denne nota som gjorde at folk i notlaget kunne håve inne penger i 1916. Dette er regnet som det største landnot kastet i Norges-historien. Videre rodde vi til Mangersnes der vi gikk på land og



Båtene vel fortøydd ved Straume.



Under broen i Alverstrømmen.

fikk omvisning i Bård Kolflåth sitt rike og historien om Mangersfunnet. Også kjekt å strekke litt på beina. Videre rodde/padlet vi på innsiden av Bogno og Havrøyna. Et nydelig område med trange kanaler. Videre strake veien tilbake til Sæbøvågen. Avsluttet med musserende drikke og o-skjell på grillen. Oppsummering: vi synes dette med å ta med oss kajaker var et stort pluss, samt at vi hadde hatt god ansvarsfordeling og super guiding på land.

Aktiviteter på høsten

Etter Radøy Rundt hadde vi litt selvaktivitet i laget, før kystsoge

dager og høstarrangement. På høsten har Keipane Kystlag fast familielag med fiskekonkurranse. Veldig kjekt med knivskarp konkurranse om den største fisken, og med vandretrofe og med weekendopphold på hotell som premie. Også premiering for mest fisk og minst fisk både for familie og enkelt person. Kafeen solgte godt, og krabbe dammen var i bruk igjen. Under dette arrangementet er alle trebåter og kanoer i bruk. Ellers har laget hatt mange fine kurs: Potetlesekurs, ølkurs, nøstevøling, klinke- og båtvølingskurs, tove- og ro-vott kurs.

Keipane Kystlag har også fra tidlig vår av vært svært aktive på strandrydding, noe som fikk stor oppmerksomhet med funnet av gåsenebbhvalen på Sotra. Laget sine medlemmer har ryddet all kystlinje fra Kviste kai til Vetås (ca 4 nautiske mil). Noen av medlemmene har også deltatt i omfattende arbeide med å ruste opp gamle stier i lokalmiljøet.

Hilsen
Evy Dame
Keipane Kystlag

Fra strandryddingen.





Minneord for Jonatan Krzywinski

04.mars 1973 - 02.oktober 2017

Jonatan forlot sin elskede familie og by så alt for tidlig, og etterlot seg et tomrom det ikke er mulig for noen å fylle. Han var først og fremst en fantastisk far, ektefelle, sønn, bror og venn, men han vil også huskes som en enestående organisasjonsmann som drev frem forbedringer og trivsel i de utallige frivillige or-

ganisasjonene han engasjerte seg i. Etter Jonatans bortgang har det blitt skrevet mange fantastiske minneord, og i begravelsesseremonien ble det holdt et stort antall minnetaler der alle beskrev et sårt savn etter en person man ikke hadde råd til å miste. I dette minneordet skal jeg på vegne av kystkulturen i Bergen og Norge

prøve å hedre det utrolige arbeidet han gjorde for Bergen Kystlag.

Jonatan ble praktisk talt født med et båtdekk under bena. 50-fots kutteren Peer Gynt har nemlig vært i familien Krzywinski sitt eie siden det året Jonatan ble født. Han lærte seg tidlig å mestre en krevende semidiesel, og vokste opp med et båtliv der stempelsjau, skifte av dekk og ytterhud, innredningsarbeid, sjømannskap og manøvrering i all slags vær ble en naturlig del av båtlivet. Jonatan viste seg tidlig som en praktiker av rang som tok enhver utfordring på strak arm og lærte seg å vedlikeholde en gammel båt på gamlemåten. Jonatan var også med sin fremtoning et naturlig sosialt midtpunkt, og brukte tidlig Peer Gynt til å formidle gleden ved sjøliv og kystkultur til klassekamerater og venner.

Peer Gynt ble flyttet fra Åstveitvågen til Bergen Kystlag i Sandviken da Jonatan var i ungdomsårene, og han engasjerte



seg straks i Kystlagets aktiviteter. Han brant særlig for å forbedre havnefasilitetene og legge til rette for at flest mulig veteranbåter skulle få en god havn og skikkelige reparasjonsmuligheter. 17 år gammel gikk han også inn i styret i HELT for å drive ungdomsarbeid med båt i fokus. Jonatan ble dratt mer og mer inn i Kystlagets arbeid og har sittet lengre perioder både som styremedlem og leder. Han har gjennom sitt utrettelige og målrettede arbeid bidratt sterkt til å løfte både lagets økonomi og kvaliteten på dets tilbud og aktiviteter. Jonatan hadde et nærmest uttømmelig engasjement for kystkultur, og jobbet aktivt for å restaurere og verne en lang rekke historisk viktige fartøyer. Han var også alltid tilgjengelig med en hjelpende hånd når venner og nære tok på seg tilsvarende prosjekter.

Jonatan var alltid å se når kystlaget profilerte seg på arrangementer som Cutty Sark og Hansadagene, og han var en bauta i en periode der Bergen Kystlag mistet sitt fotfeste i Sandviksboder. Dette var en periode som føltes traumatisk for mange medlemmer, men med Jonatan som en trygg lederskikkelse kom laget seg trygt gjennom strabasene. I denne perioden kom også Storøyen som et utslag av Jonatans utrettelige positivitet. Det var hans systematiske søk etter en ny og trygg havn for Bergen Kystlag som gjorde at vi fikk fotfeste på denne nydelige perlen. Jonatan var også en av ildsjelene som la til rette for å sette øyen tilbake i en slik stand at den igjen kunne benyttes av Bergen Kystlag, Åsane Seilforening og naboer i skjønne forening. Vi kan takke Jonatan for minnene om noen fantastiske Sankt Hansfeiringer på Storøyen.

Jonatan var en mann med en enorm tro på menneskets godhet og skapende evner, og hans fokus på kultur og vern gjennom bruk hadde alltid et mål om at arbeidet skulle føre til noe positivt mellom mennesker. Han hadde en enestående evne til å gjøre dugnads- og prosjektarbeid til sosiale høydepunkter med god mat og drikke som belønning både til



slutt og underveis. Han ledet alltid selv an i arbeidet, og jobbet for ti mann, uten noen gang å gi noe annet enn godord, ros og oppmuntring til dem som ikke hadde samme kapasitet som ham selv.

Som personlig venn av Jonatan vil jeg også uttrykke min takknemlighet for hans fantastiske raushet som vertskap for utallige minneverdige 17-maifeiringer og nyttårsfester der det koselige huset på Sydnes alltid ble fylt til randen av feststemte og takknemlige mennesker. Jeg vil takke for fantastiske båtturer og festivaler, for gode smil og varme bamse-klemmer og for at han lærte meg så mye om positivitet og livsglede.

Når Jonatan nå er borte, har byen han elsket blitt litt mørkere og mer fargeløs uten ham, men hvis vi virkelig skal hedre Jonatan skal vi sette alle kluter til for å fortsette det arbeidet Jonatan brant for. Kulturen, organisasjonslivet, politikken, god mat og drikke er viktig men først og fremst skal vi beskytte, løfte frem og ta vare på menneskene rundt oss, for det var der Jonatan virkelig hadde noe å lære oss alle.

Boatdrinks, min kjære gode venn!

Are Magnussen

Bergen Kystlag



HISTORIEN OM EN GAMMEL BRYGGE

Meland kommune må sies å være fattig når det gjelder kulturminner, selv om det trolig har vært bosetninger på Holsnøy lenge før vikingetiden. Navarsmedene, tørrmuringstradisjoner og Holmestova er trolig kjent for noen, men så mye utover det er det ikke i kommunen. Småbønder og fiskebønder som har livnært seg på disse kanter, har ikke etterlatt seg så mange spor, bortsett fra steingarder, noen potetkjellere og en del naustmiljøer langs sjøkanten og selvsagt en del våningshus, løer og uthus i tørrmur.

Holsnøy Kystlag (HK), som ble stiftet i 2006, så tidlig noen potensielle kystkulturperler i nær-

området nord på Holsnøy og det ene var den gamle Prestebrygga i tørrmur fra 1850 årene innerst i Husebøvågen. Inntil for et knapt år siden var den i en miserabel tilstand frem til HK besluttet seg for å ta tak i prosjektet, søke midler fra ulike hold og å gjennomføre rehabiliteringen. Som sagt så gjort! Tilstandsrapport ble utført

av en fagperson og totalprisen på rehabilitering ble beregnet til kr. 156.000 hvorav Meland Kommune og Kulturminnefondet innvilget hhv. kr. 20.000 og kr. 78.000 i alt kr. 98.000. Som i mange andre prosjekter ble imidlertid budsjettet sprenget og hele HK's kapital på nærmere 100.000 gikk med i dragsuget.



Gravemaskin måtte til der steinrøysa dekket deler av brygga.



Prestebrygga under full rehabilitering med hjelpemidler og frå venstre lokalhistoriker Arnt Brakstad, artikkelforfatter Jegvan Kaarbø og to mannskap fra Haakon Aase.

Fine detaljer på bryggen, det er innfelt «Prestetrapp», 10 trinn like ned til sjøbunnen.



Årsaken var transport av tunge steinheller fra Kårbø kai til Prestebryggen på en liten lekter (begrenset av vanddybden), noe som forsinket arbeidet betydelig og som det slett ikke var tatt høyde for. I tillegg var den innerside delen av bryggen dekket av ut-

raste kampesteiner som måtte fjernes med gravemaskin.

Nå fremstår imidlertid Prestebryggen i en presentabel tilstand selv om en del mindre arbeid gjenstår. Selv om HK måtte «blø» for prosjektet er vi likevel stolt og glad

for at vi har medvirket til at Meland kommune har fått rehabilitert et av sine få kystkulturminner nord på Holsnøy.

Jegvan Kaarbø

Leder, Holsnøy Kystlag




Reidar Rasmussen studerer det ferdige resultatet.

Historia om m/g Silden

Som namnet fortel er båten nært knytt opp mot historia om silde- og brislingfisket, og med det historia om Askøy. Det var ein lang, rik vårsildperiode 1814-1870. Dette fisket ga inntekt til små bruk, slik at ein slapp unna mykje av husmannsvesenet. Det dempa også utvandringa til Amerika.

Etter 1870 var silda vekke til opp i 1890 åra. Da blei det igjen ein ny rik sildeperiode fram til 1960 åra. Mange nord på Askøy kjenner godt til «Silden», den 31 fot lange båten som vart bygd i Hardanger i 1926-27. Den blei bygd som ro/segl gavl for eit notlag frå Nautnes i Øygarden. Det var mest sannsynleg to årepar. 4 mann rodde og håndterte nota. Båten deltok i det nevnte sildefisket.

I 1952 blei båten overteken av Ole Lundal frå Nordre Haugland. Svi-gerfaren fra Nautnes hadde fleire båtar, og Ole fikk plukke den han ville ha. «Silden» blei ført til ein slipp på Hjelmås i Lindås kommune. Her vart det sett inn ein 14 hk Rapp-motor. Det vart også bygd eit lite styrehus på båten. Det blei sett på ein ekstra bordgang og eit



betre ror, slik at båten skulle bli betre for notbruk. Eit bilete frå rundt 1954 viser båten i ferd med å dra nota over rullen montert på sida. Det er også spor som viser at det har vore rull akter. Det skal ha vore 4 koyer under dekk framme.

I merkeregistret frå 1954 er «Silden» nå motorgavl, m/g, og har fiskerinummer H-247-H. Etter kommunesamanslåinga fekk båten fiskerinummer H-147-A. Våren 1959 bygde Lundal eit større styrehus og flytta motoren lenger bak. Året etter blei båten godkjent som skyssbåt. Lundal hadde bygd eit dekkshus bak styrehuset av rørdeler og huntonittplater. Det blei sett inn ein Petromax-ovn for vinteroppvarming. Nå gjekk båten i åtte år som skuleskyss frå Berland og Heggernes til skulen i Træet. Det blir fortalt at ungane på Heggernes, når det var sterk nordavind, måtte hoppa om bord etter å ha kasta skulesekken i båten først. Folk som gjekk på framhaldsskulen på Herdla, minnest at «Silden» også var skuleskyss for dei før brua kom.





Det skal vera spor etter montering av ein stålplug i baugen. Da skal båten ha vore brukt som isbrytar for lokalbåten. Under bygginga av Herdlabrua i 1968, vart «Silden» nytta som skyssbåt over Herdlasundet for rutelaget Askøy-Bergen. I 1969 fekk båten ny motor, ein sabb. Den står om bord den dag i dag.

«Silden» vart historisk under bygginga av Sotrabrua. Første landsamband frå Sotra vart gjort med denne båten, da det var den som førte første kabelen over sundet. Den frakta også dei arbeiderane som var med å bygge brua. I 1972 blei «Silden» kjøpt av bonde Ole Berland. Han brukte båten til å frakte grønnsaker og torgvarer til torget i Bergen. Berland åtte båten fram til Askøystrilane kjøpte den i 1997. Askøystrilane hadde som formålsparagraf at dei skulle ta vare på gamal kystkultur. «Silden» passet inn i så måte. Askøystrilane brukte båten når laget skulle opptre. Det blei mange heisne turar i all slags vær. Vi har bilete som syner båten og Askøystrilane i godt lag under Torgdagen i Bergen.

Det å ta vare på «Silden» krevde kunnskap og midler som Askøystrilane ikkje hadde. Båten forfall. I 2006 blei båten lagt ut på finn.no. Pris kroner 15.000. Det tilsvarte omtrent verdien på motoren. Finn-annonsen blei sett av båtbyggjar Bård Finchelsen, austlending med kone frå askøy. Ho var med i Askøystrilane. Med så mykje Askøyhistorie samla på ein kjø, måtte noko gjerast. Ein frykta at nokon kjøpte båten på grunn av motoren, og at skroget ville havna på St.Hans-bålet. Finchelsen overtok båten vederlagsfritt mot at Askøystrilane fekk bruke han når dei trong båtskyss. Båten havna i Hetlevik og blei sett på land i naust høsten 2006. Styrehuset datt saman då eksosrøyret blei demontert. Nesten alle rutene i styrehuset var knust. Utskifting av bordgangar i skroget starta. Det var mykje råteskadar, spesielt på styrbord side. Hekken hadde også store skader. Ein var i ferd med å gi opp. Hadde det ikkje vore for ein nabo som kom til naustet, og høyt og tydeleg sa at dette blei det ikkje nokon båt av. Da gjekk det ein f... i den bolde båtbyggjar.

I 2008 var «Silden» i topp stand og vann prisen for beste restaurerte båt under Torgdagen. Båten var fast gjest på Torgdagen fleire år framover. Kombinasjonen av «Silden» og Askøystrilane var ein vinnar!

Finchelsen hadde fleire båtar i sin portefølje, så i 2011 såg han ingen annen råd enn å legge den ut for salg. Igjen kom Askøystrilane inn i bildet, og igjen kom båtens historie til unnsetning: båten måtte bli på Askøy. Det blei samtalar som førte til at Askøystrilane fekk båten til kostpris. Det hadde vore arrangert konsert i Hetlevik til inntekt for «Silden». Det kom inn 50.000 kr, nok til kjøpet. Det er vel ikkje rart at det var musikken som berga båten.

Nå ligg «Silden» her til kai hos Askøy Kystlag. Her vil den bli godt ivareteken. Det er meninga at båten skal brukast. Kjennerane kallar den ein lettmanøvrert og kjekk båt å gå med.

Hilsen Askøy Kystlag
Tekst: Ole Christian Næss
Foto: Øyvind Kristiansen


H-187-A «Jom»


I grindanaustet på holmen i Strusshamn ligg Oselvaren «Jom». Det er opprinneleg ein seksæring bygd hos Drange i Lysefjorden. Den skal vera sjøsett i 1938. I 1958 blei det sett motor i båten, ein 2,5 hk totakts FM-motor. Ombygging til motor blei gjort lokalt av ein lokal altnuligmann og fiskar. Namnet «Jom» kjem av forbokstavane til dei 3 brørne som åtte båten. Båten har fiskerinummer H-187-A.

Vi veit at båten var med på garnfiske i området rundt Utvær. Tidleg mandags morgon drog ein kutter og 3 Oselvarar nordover. Kutteren la seg i posisjon. Dei 3 rolaga, 2 mann i kvar båt, sette garn i 20.30-tida. Det var trollgarn, lumregarn og rødspettegarn som blei mest brukte. Tilbake i kutteren kunne dei få seg ei natts søvn

før dei grytidleg måtte trekke garnna. Den fanga fisken skulle vera levande, slik at dei kunne ha den over i fisketanken om bord, eller i den flytekassen dei hadde på slep. Slik føregjekk fisket ut veka. Så drog dei til Bergen for å selge fisken til best mulig pris.

Fram til 1956 blei Oselvaren rodd. Vi kan tenke oss det slitet det måtte vera. Vi snakkar i dag om kva store fremsteg vi opplever. Ein av dei store nyvinningane desse karane i robåtane opplevde, var da dei kunne bytte ut stein til søkke på garna, med blyline nederst på bru-





i 1956. Dei metodane som blei brukte for å reparera skadar og sprekker i bordgangar, vil bli brukte. Den restaurerte båten skal fremstå som ein bruksbåt. Det er keipar til eit årepar. Dette skuldar vi dei sterke menn og kvinner som fekk utkommet sitt frå fiske, og kanskje eit lite småbruk her på Askøy.

I oktober dette året fekk vi besøk frå Berit Osmundsen og to lærlingar frå Oselvarverkstaden. Føremålet med besøket var å måle opp «Jom». Det vart også gjort ei vurdering av hvilken tilstand båten var i. Planen er at verkstaden skal få i oppdrag å sette i stand dei tinga som det trengs profesjonell hjelp til å gjere. I skrivende stund er det ikkje tatt nokon avgjerd.

Askøy Kystlag 2017

Tekst: Ole Christian Næss

Foto: Øyvind Kristiansen

ket. Da slapp dei å ro rundt med stein i båten. Garna vart mykje lettare og sikrare å sette ut. Dei kunne dessutan ha fleire garn med seg i båten om gongen.

Askøy Kystlag ønsker å restaurera «Jom» tilbake til slik den var då den fekk motor i 1956. Den opphavlege motoren blei kondemnert, men vi greide via telefon og e-post å oppspore ein lik motor i Tvedestrand. Båten vil framstå med fargar og utstyr som





Årets sesong for Vinnesholmen Kystlag

Ravnøy ved en av Fluøyene midt i Bjørnefjorden. Våge på Tysnes i bakgrunnen. Foto: Guro Waksvik.

Vinnesholmen Kystlag er nå et ganske ungt og ferskt kystlag, vi synes det er fint å få være med i det gode selskap som alle kystlagene og forbundet kysten gjenspeiler. Vi har vår husmannsplass, Vinnesholmen, som er grunnsteinen for vår etablering av eget kystlag. Vi har en skriftlig avtale med Fusa Kommune om drift av plassen. Bragdøya Kystlag har på mange måter vært en fin inspirasjon-

skilde. Men det å bare ivareta en gammel husmannsplass, som er en kommunal eiendom er ikke nødvendigvis noe som inspirerer medlemmer over tid. Dette til tross for at vi i løpet av 2 år har fått hele 65 medlemmer, noe vi er stolte av.

Det vi må sette fokus på blir å gi flere tilbud til våre medlemmer. Derfor har vi tatt en sjanse, kjøpt vår egen

skøyte. Med vår nye skøyte Ravnøy fra 1936 håper vi å kunne tilby medlemmer noe ekstra godt for sitt medlemskap, en skøyte de kan låne og benytte når det måtte passe seg. Og selvfølgelig få være med på å pusse og stelle innimellom. Videre satser vi på barn- og ungdom, samt en del turer med flyktninger i tiden fremover. Skøyten ble seilt hjem i påsken fra Skjebergkilen ved Sarpsborg, via Strømstad i Sverige og hjem til Fusa. I starten lå skøyta i Strandvik. I løpet av sesongen har vi hatt noen turer med den:

1. Fiske- og friluftstur til Tysnes med flyktningeungdom fra Fusa, inklusiv småbåtkjøring. (hadde med oss reporter fra Bladet Kysten som laget en fin artikkel til bladet)
2. Deltok på Sjøvettkampanjen i regi av Sjøfartsdirektoratet under Vinnesholmen festivalen helgen 22-25 juni.
3. Deltok på Klar for sjøen-kampanjen i regi av "Av og til» (eid av 48 frivillige orga., de fleste jobber med rusforebyggende arbeid, men også noen politiske organisasjoner)



Den nye væren blir tatt godt i mot av flokken på holmen.

under Vinnesfestivalen.

4. Fisketur for ungdom med funksjonshemninger i Fusa midt i ferien.
5. Fiske- og friluftstur på Vinnesholmen med flyktningefamilier fra Fusa, inklusiv havkajak padling.
6. Helgetur med konfirmanter i Fusa, turen gikk over til Os, deretter Solstråleøya på Tysnes og til slutt gudstjeneste på Sundvor i Fusa.

Bortsett fra disse turene har vi ikke benyttet skøyta så mye, men vi har lært opp en 17 åring som skipper (han har fylt 18 nå) og to andre ungdommer på ca 23 år er under opplæring til å bli godkjente skippere av skøyta.

Svært mye tid har gått med til vedlikehold av låven på husmannsplassen i år, har skiftet nær all kledning, samt 2 skråtak i hver ende av låven. Har også skiftet en vegg med kledning på toaleett tilbygget, samt skiftet begge inngangsdørene til holmahuset vårt. Nå er vi klar for vinteren.

Vi har hatt en gledelig økning i utleie av huset, alle inntektene går tilbake til vedlikehold av friluftsområdet, badestrand, hus og bygninger, samt landstedsbåt som inngår i leien av huset. Landstedsbåten måtte vi bytte ut med ny og bedre, men brukt båt.



Fra styrehuset til Ravnøy: fiskelykken prøves midtfjords.

Nå i slutten av oktober har vi byttet en villsauvær med en fra Tysnes Kystlag, i tillegg har vi slaktet lagets villsaulam og noen voksne dyr.

praktiske gjøremål. Nytt av året er at vi kan tilby tur med skøyta vår.

I år som i fjor har vi hatt mye besøk av skoleklasser på holmen vår, og allerede nå har vi fått inn to nye bookinger fra skoleklasser fra Bergen/Os som ikke har vært her tidligere og det gleder oss. Skoleklassene bor i telt, og har aktiviteter på holmen i regi av skolen sin, mens vi hjelper til med tilrettelegging og

I vinter skal vi slippsette skøyta vår, bunnsmøre, pusse og lakke slik at den skal skinne til våren. Håper vi får pusset og lakket vår Osolver også. Ps! Vi ønsker oss rigg og seil til denne båten.

Hilsen Roger Hoel
Formann
Vinnesholmen Kystlag

Husmannsplassen på Vinnesholmen i forgrunnen med båthavna i bakgrunnen.



Hordakyststevnet på Onarheim 23-25 juni 2017



Tysnes Kystlag var arrangør av årets stevne. Då deltakarane begynte å strøyma til Onarheim i bilar og båtar fredag var veret ikkje det beste, men gratis kaffi og skillingsbollar i dei ny-opna butikklokala på Onarheim skapte god stemning blant stevnedeltaka-

rane allereie før stevnet tok til. Det store teltet som var utlånt av Gerhard Alsaker vart etter kvart fylt med stands med ulike føremål, med utstilling og sal av ymse husflidsprodukt. Hordaland Fylkeskystlag hadde sin eigen stand i eiga grindabygg som

var sett opp inne i det store teltet.

Kvelden baud på tradisjonell jonsokfeiring med bålbreining og grilling av eigen grillmat i lag med Tveit bygdelag og Onarheim bygdelag. Bål og grillar vart tente kl. 1900. Bålet varma godt i den regntunge kvelden.



1



2

Laurdag 24. juni

Felles frukost i teltet i regi av Tysnes Bygdekvinne- og båtfolk. Nokre av båtfolket åt frukost ombord i båtane.

1000

Offisiell opning av stevnet v/ordførar i Tysnes Kåre Martin Kleppe, og velkomstord frå formann i Tysnes Kystlag Oddvar Meland og styremedlem i Hordaland fylkeskystlag Liv Hadsel Bjerknes. Ho takka særskilt Tysnes Kystlag for god tilrettelegging og Gerhard Alsaker for raus stønad.

1000-1600

Salsbodene i teltet var i sving med sal av maleri, tradisjonshandverk, kniver, verktøy, kunsthåndverk, oste-produkt osv. På Fylkeslaget sin stand gjekk salet av effekter unna. Godt besøk.

1100

Historisk vandring i Onarheimsbygda leia av Nils Kåre Myklebust med m.a. vitjing i Onarheim kulturkyrkje, Vos-sabakkjen, Seløystova og Kjørkje-

vikjo. I kyrkja fortalde Olav Skjelevik om gamle biblar. Under vandringa glimta det til med solskinn mellom regnbygene. Vi fekk del i mykje lokalhistorie knytt til både kyrkja og dei andre sjåverdigheitane der Tysnes Museums- og lag er verdfulle pådrivarar.

1400-1600

Kappsegling med tradisjonelle båtar. Vinnar vart Torgeir Evjen frå Fjell kystlag.

1700-1900

Ymse tevlinger mellom kystlaga, m.a. tautrekking, halding av ausefat og kastelinekonkurranse.

1900

Festmiddag i teltet. Herlig grilla laks spandert av Gerhard Alsaker. Premieutdeling for tevlingane tidligare på dagen.

Sundag 25. juni

Felles frukost i teltet for alle del-takarane.

1200.

Avslutning. Liv Hadsel Bjerknes frå Hordaland Fylkeskystlag takka for vel gjennomført og trivelig stevne. Samsegling til Årbakka Handelstad, der Tysnes Kystlag har lagslokala sine, med m.a. utstilling av motorar. Nokre bilfolk var òg innom butikken på Årbakka, og vart freista til nok eit kjøp av handverksprodukt, denne gongen av særst flotte heimespøta sokker.

Eit flott gjennomført arrangement. All ære til Tysnes Kystlag!

Helsing

Liv Hadsel Bjerknes

Foto: Rebekka Høgestøl

1. Mange flotte båtar i hamna.**2. Arne Høgestøl lagar årer.****3. Klargjering til seglas. Egil Meland gjer klar fokka.****4. Ordførar Kåre M. Kleppe i samtale med Lucianne Rijpkema.**

3



4

En hilsen fra Sagvåg

Jeg er blitt oppfordret til å skrive noen ord fra Sagvågen og havnen her.

Vi har en lun og fin havn lengst inne, der gjestehavnen er, med alle fasiliteter, strøm vann, dusj og toalett. Havneverter er Målfrid og Claus A. Almås som gjør hva de kan for at du skal føle deg velkommen.



Gjestehavnen i Sagvågen. Fra Hordakyststevnet 17-19 juni 2011.

Det er mange av de samme båtfolk som kommer igjen og igjen, så vi får faktisk et slags vennskap. Her er arrangement som «Fest i Vest», og ikke mindre enn 3 ganger har Hordaland Fylkeskystlag hatt stevne her, sist i 2011. Du vil også finne matvarebutikk, bensinstasjon hvor der selges gass, frisører og 3 restauranter.

Turterreng på fjell og langs vann. Du kan besøke et gammelt skipsbyggeri på Jenesaneset, som fremdeles er i drift. Her har

Sagvågen Kystlag og Kystsogevekene åpen dag, «Vervadag» med ulike aktiviteter for voksne og barn, oppgangssag i gang, vi koker bek, lager nagler, der er smed i Smio og annet. Pleier å samle 600-700 mennesker. Underholdning og mat og drikke og annet.

Gjestehavnen i Sagvåg blir kalt en «bukseløs havn» fordi den er så lun og rolig. Tidligere gikk her ferge til Bømlo, båter som fraktet kis fra Gruvene og tre-

last. I gjestehavna er der bord og stoler på kaien. Bruk dem til kveldskos og grilling. Havnestovo er åpen, der kan man spille gamle, LP-plater, brettspill og se TV. Noen båter har fått problem med motor, seil eller WC, da er det godt vi har verksted like ved, der selges også diesel.

Så alt i alt, et trivelig sted!

Hilsen

Målfrid Almås



Utsikt over Sagvåg under Vervadagane 2014. Foto: Kutschera/Kystsogevekene.



Kutt i studieforbundsstøtte?

Vi har hatt møte i Hordaland Avdeling for Kultur og Tradisjon der Fylkeskystlaget v/ Liv Hadsel Bjerknes var tilstades. Det vart understreka kor viktig det er å melda inn og registrere kurs som vert haldne i kystlaga, og søke stønad frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon. Det er fint om det alt ved kursutlysing vert annonsert «med tilskot frå Studieforbundet». Dette er ekstra viktig no, når det føreligg forslag til statsbudsjettet 2018 «Kap. 254 post 70 Tilskudd til voksenopplæring». Her vert det føreslege ein kraftig reduksjon i tilskota til kurs. Dersom budsjettet vert vedteke vil dette verta til stor skade for våre kurs. Gjennom Studieforbundet Kultur og Tradisjon vart det i 2017 gjennomført 5169 kurs med nær 40 000 deltakarar i 341 av kommunane i landet. Kursa vert organisert og gjennomført av lokallag som og har det økonomiske ansvaret for opplæringa.

Til dømes vart det totalt i kystlaga i Hordaland i 2015 registrert og gjeve tilskot til 528 kurstimer. Det er viktig å konfrontera politikarar lokalt og sentralt med at det er naudsynt å støtta opp om frivilljuge lag og organisasjonar, og heller auke framfor å redusere økonomisk stønad til desse. Bruk logo både for kystlaget og Studieforbundet Kultur og Tradisjon ved utlysing av kurs.

Med helsing
Liv Hadsel Bjerknes

Hurra - Studieforbundskuttet – er kutta!

22. november var det klart at Venstre og KRF fekk gjennomslag for ikkje å kutte tilskotet til Studieforbunda med 22,5 millionar.

Fleire av dei andre opposisjonspartia hadde også ei reversering av kuttet i sine alternative budsjett.

Det er mange som gjennom sin kontakt med lokale og regionale politikarar, bidrag til oppslag i media og synleggjering av kor viktig opplæring og VO-tilskotet er for lokalt kulturarbeid og ivaretaking av kulturarven verkeleg har bidrege til å forhindre dette kuttet.

Tusen takk for innsatsen!

Med hilsen

Studieforbundet Kultur og Tradisjon

Motorstemne

for opne tradisjonsbåtar

8-9. september 2018 planlegg Kystmuseet i Øygarden eit arrangement som skal samla og setja fokus på opne, motoriserte tradisjonelle trebåtar, og då særleg færingar og seksæringar. Motoriseringa av bruksbåtane til fiskarbonden er eit tema som har fått lite merksemd. I samarbeid med Kystsogevekeene ynskjer museet difor å gjera noko med dette. Museet inviterer til samling av slike båtar på både sjø og land. Museet vil også visa fram nokre av sine eigne båtar i denne kategorien.

På programmet vil det bli mellom anna foredrag, omvisning, demonstrasjonsturar utpå fjorden og kappkøyning. Kystmuseet i Øygarden ligg ved Ovågen på Øya Oen på vestsida av Hjeltefjorden.

Kjem desse karane pingsande til Øygarden? Foto: Jostein Vågenes.





Nordfjordbåtseminar

14-15. oktober inviterte Nordfjordbåtlaget og Nordfjord Museum til seminar om Nordfjordbåten. Båttypen har sterk byggjetradisjon i Sandane, men i dag er det berre to aktive båtbyggjarar att. Miljøet rundt Nordfjordbåten har såleis ei stor utfordring med å etablera ein god modell for vidareføring av kunnskapen.

På det fullteikna seminaret møttest båtbyggjarar, museumsfolk, båtbrukarar og andre interesserte, i alt over 40 personar, til foredrag og debatt. Fyrst presenterte Lars-Bjarte Osland Nordfjordbåtlaget, deretter fortalde Ingrid Berger frå museet om båtbyggjartradisjonen i Nordfjord. Neste talar var Terje Planke som snakka om båten som gardsreiskap, før Peter Helland Hansen fortalde om småbåtbygging i Hardanger og deretter orienterte Håvard Hatløy om det assymetriske råseglet, lårseglet. Så vart det debatt om korleis ein kan ta vare på nordfjordbåtbyggjartradisjonen. Laurdag kveld var det vitjing av båtbyggjar Kristen Arnestad sin verkstad og deretter festmiddag. Sondag vart det demonstrasjon av lårsegl, før det vart rotur utpå fjorden i nokså vått haustregn. Målet for roturen var naustet der Holvikjekta står. Seminardeltakarane fekk lov til å gå om bord i jekta frå 1881. Til sist var det opning av ei temautstilling om Nordfjordbåten på museet. Utstillinga vart opna av Atle Ove Marthinussen frå Museumssenteret i Hordaland.

Tekst og foto: Kjell Magnus Økland




Den Store Roen

Tidspunktet for den familievennlege roturen Den Store Roen (sjå Årebladet mai/2017 s 6-7) er fastsett. Helga frå 6-8. juli vil Hordaland Fylkeskystlag i samarbeid med lokalt kystlag arrangera roturen. Fleire detaljar om dette vert lagt fram på årsmøtet til HFKL i februar.

Årsmøte HFKL 2018

Hordaland Fylkeskystlag sitt årsmøte går av stabelen laurdag 10. februar. Det vert Austevoll Kyst- og Sogelag som vert vertskap for årsmøtet. Staden vert Vinnes skule sør på huftarøy. Vel møtt til gode drøftingar om fylkeskystlaget si framtid.



Fylkestreffet på Bømlo

Sjå www.hfkl.no for detaljert program.

Bømlo Kystlag har teke på seg oppgåva med å vera vertskap for Hordakysttreffet 2018. Tidspunktet vert Jonsokhelga 22-24. juni. Samlingstaden vert truleg ved Kulleseidkanalen.

Fleire detaljar om programmet vert lagt fram på HFKL-årsmøtet i februar.



Fjordsteam 2018

Den store veteranbåtfestivalen Fjordsteam vert arrangert i Bergen 2-5. august. Det vert fire dagar med tettpakka program med gamle fjordabåtar frå store delar av Norge, handverk, folkefest, bondens marknad og nostalgi i fokus. Med

Aktivitetskalender for 2018

Eit førebels oversyn over kva som skal skje i 2018, lista er ikkje komplett.

Vil du ha med ditt arrangement her, send info til kjellmag@gmail.com innan 15. april.

Ein meir fullstendig aktivitetskalender vert publisert i vårnummeret av Årebladet.

Sjå oppdatert aktivitetskalender på www.hfkl.no

10. feb: Årsmøte Hordaland Fylkeskystlag, Austevoll

www.hfkl.no

Arr. Austevoll Kystlag og Hordaland Fylkeskystlag

15. februar: Kystsogevøkene si vintersamling

www.kystsogevøkene.no

Arr. Stiftinga Kystsogevøkene

28. februar: Årsmøte Oselvarklubben

www.oselvarklubben.no

Arr. Oselvarklubben

5. mai: Strandryddedagen

www.holdnorerent.no

Ar. Hold Norge Rent

Mandagar: Trim-seglas for Oselvar på Milde

Sjå datoar på www.mildebatlag.org

Arr. Milde Båtlag

9. juni: Torgdagen i Bergen

www.torgdagenibergeren.com

Arr. Torgdagen i Bergen

15-17. juni: Hardanger Trebåtfestival

www.trebaat.no

Arr. Hardanger Trebåtfestival

22-24. juni: Hordakyststevne på Bømlo

www.facebook.com/B%C3%B8mlo-kystlag-209223439109100/

Arr. Bømlo Kystlag

6-8. juli: Den Store Roen

www.hfkl.no

Arr. HFKL i samarbeid med lokalt kystlag

19-22. juli: Forbundet Kystens Landstevne, Haugesund

www.kysten.no

Arr. Kystlaget Kormt, Kystlaget Leirong, Kystlaget Utsira, Kystlaget Sveio, Kystlaget Romsa og Forbundet Kysten.

2-5. august: Fjordsteam i Bergen

www.fjordsteam.no

Arr. Fjordsteam

4. august: Offisiell opning av Kystsogevøkene i Bergen

www.kystsogevøkene.no

Arr. Kystsogevøkene

11-12. august: Oselvar-NM på Milde

www.mildebatlag.org

Arr. Milde Båtlag

Kystsogevøkene
4. august til
16. september 2018
www.kystsogevøkene.no

Vintersamling

Torsdag 15. februar inviterer Kystsogevøkene til vintersamling for arrangører, kommunale koordinatører, kystkulturmiljø og alle andre som bryr seg om Kystsogevøkene. Det vert drøfting av vegen vidare for Kystsogevøkene og ikkje minst utveksling av idear, slik at årets Kyst-

sogevøker kan romma mange gode arrangement. Samlinga finn stad på Litle-Sotra i anlegget til Ran Seilforening i Anglevik.

Videoinnslag

Kystsogevøkene har inngått ein avtale med NAV om arbeidstrening for Roy Arild Nilsen. Han skal laga videoinnslag om kystkulturelle tema som skal publiserast på Kystsogevøkene sin Youtubekanal. Har du forslag til innslag? Tips gjerne dagleg leiar i Kystsogevøkene, Kjell Magnus Økland, om dette.

Innsendingsfrist: programheftet

10. mai er innsendingsfrist for stoff til programmet til Kystsogevøkene. Programmet vert lansert i samband med Torgdagen 9. juni. Sjå fullt program på www.kystsogevøkene.no

Opning

Opninga av Kystsogevøkene vert ein del av Fjordsteam i Bergen. Opninga vil skje laurdag 4. august og gå føre seg på Bryggen/Vågen i Bergen. Det vert mellom anna fjordabåttur frå distriktet til Bergen og ikkje minst kapproing på Vågen.

Avslutning

Kystsogevøkene ynskjer å starta ein tradisjon med ei offisiell avslutning. Det er tenkt at den skal rullera mellom ulike stader, slik også opninga gjer det. Vertskap for avslutninga 2018 vert Kvinnherad kommune og Interesselaget for Galeas Gurine, som inviterer til Skutefest for seglskuter 15-16. september i Rosendal. Ta gjerne kontakt med Kjell Magnus Økland for å drøfta idear.



Klargjering til kappsegler under Hopetreffet 27. mai. Foto: Kjell Magnus Økland.

Hordaland Fylkeskystlag på internett

Du finn Hordaland Fylkeskystlag sine nettsider på webadressa www.hfkl.no

Me er også på Facebook—søk etter Hordaland Fylkeskystlag



Nettsidene ligg plassert på Kystsogeveke sine nettsider. Nyttar du domenet hfkl.no kjem du rett inn på nettsida vår.

På nettsida finn du fylgjande informasjon:

- Facebook-gruppa til fylkeskystlaget
- Styret
- Siste nytt frå fylkeskystlaget
- Info om Årebladet
- Kalender med linkar til aktuelle hendingar
- Medlemslag med kontaktinfo til leiarane og kystlaga sine nettstader
- Vedtekter for Fylkeskystlaget

Har du stoff som bør ut på nettsidene?

Send det på epost til kjellmag@gmail.com

www.hfkl.no